



Bjørn Lognvik
Nordbygdivegen 75

3840 Seljord

Delegert sak nr. 16/21

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2016/590	5116/2016		01.03.2016

Vedtak - Søknad om kommunalt tilskot til landbruk - gnr. 154/1

Dokument i saka:

Søknad om tilskot til landbruk, motteken 10.2.2016
Investeringsplan med driftsplan, finansieringsplan, byggeteikningar, dyrkingsplan og rekneskap 2009 for Nordre Lognvik.

Bakgrunn:

Bjørn Lognvik søker om kommunalt tilskot til nye investeringar på eigedomen Lognvik Nordre gnr. 154/1. Etter ein stor utbygging i 2011/12 driv søker no med omlag 55 årskyr (mjølkekvote 410 500 liter) og 130 vf. sau. Han ønskjer no å gjere ytterlegare tiltak for å auke omsetninga og redusere driftsomkostningane i følge vedlagt investeringsplan. Det blir og visst til møte på næringskontoret 23 februar.

Planen omfattar fleire tiltak på garden, og gjev ei grundig analyse av målsettinga for dei forskjellige aktivitetane, med finansierings- og gjennomføringsplan. Han bed kommunen vurdere kva for tiltak som blir omfatta av det kommunale regelverket for tilskot til landbruksføremål – og søker på det grunnlaget om tilsvarende støtte til dei ulike prosjekta.

Utviding av eksisterande fjøs.

Søker har hatt ein del utfordringar med sjukdom hos kalvane - med redusert dyrevelferd, og påfølgande meirarbeid og veterinærutgifter. I samarbeid med Tine-rådgjevar og veterinær har ein kome fram til at tilbygg vil løyse problem med trekk, og samstundes frigjere areal til fødebingar. Ein har og trong for noko meir lagerrom, samt eit overbygg i førsentralen. Dette vil og betre logistikken for inn/ut transport av dyr. Kostnad kr 350 000,-.

Sakshandsamar ser på dette som tiltak i tråd med kommunalt regelverk der ein har høve til å gje tilskot på 20% i samband med ombygging av driftsbygning for storfe. Ein kan tilrå eit tilskot på kr 70 000,-.

Kjøp av mjølkekvote

Søker ønsker å auke produksjon - og har trong for 90 tonn ekstra mjølkekvote. I følge kommunalt regelverk har ein høve til å gje tilskot 50 % av statleg pris (kr 2,50 pr. liter) - tilskot kr 1,25 pr. liter. Tilskot blir løyvd etterkvart på grunnlag av separat søknad med kvotebrev og tilhøyrande faktura og bankbillag – med atterhald om tilgjengeleg tilskotsramme i budsjettet til næringskontoret.

Driftsteknisk tiltak for betre gjødslingshandtering i sauefjos

Søker ønsker å rasjonalisere handtering av husdyrgjødslinga for sauefjoset (to avdelingar) ved å installere ein permanent elektrisk omrører/pumpe. Dette frigjer traktor og arbeidskraft i ein travel vårsesong, samt gjer at omsynet til helse, miljø, sikkerheit (HMS) blir ivareteke på ein betre måte. Tiltaket reduserer dieselforbruket for drifta, og gjev eit betre utnytting av husdyrgjødsel på garden. For å betre kapasiteten i gjødselkummen (300m²) høve til auka dyretal skal denne overdekkast for å unngå at kapasiteten blir brukt opp av nedbør. Samla kostnad er kr 485 000,-. Ein vurderer dette som eit tiltak i tråd med nemnte kommunale reglar – og kan gje tilsegn om eit tilskot på kr 97 000,-.

Avlastningsbygg for sau

I samband med lamming har søker trong for betre plass i sauefjoset. Som er tenkt løyst ved eit avlastningsbygg på 336 m² i følge teikning. Dette aukar og produksjonskapasiteten på garden frå vel 140 til 200 sau. Deler av bygget skal og nyttas til anna produksjon på garden og aktivitetar – og kunne gje grunnlag for to fulle stillingar gjennom vinterhalvåret. Kostnadsoverslaget er på kr totalt kr 870 000,-. Ein har tidlegare gjeve tilskot til avlastingsareal for lammesesonen i sauehaldet – det er ein kritisk periode der ein legg mykje av grunnlaget for eit godt økonomisk resultat. Då dette aktuelle bygget og skal nyttas til andre føremål som fell utanfor det kommunale regelverket finn ein det rett å gje tilsegn om tilskot til halve kostnaden – 20% av kr 435 000,- eit tilskot på kr 87 000,-.

Beite og nydyrking

Søker ønsker å auke grovfôrgrunnlaget på garden, og få utnytta husdyrgjødsel på ein betre måte. Søker vil og legge til rette for meir beiting – som ligg an til å ble eit krev om nokre år. Dette skal skje ved nydyrking av 100 dekar, etablering av driftevegar og bruer, og rydding av 35 dekar kulturbeite. Lognvik ønsker også å restaurere den gamle samlekvea av stein som ligg i tunet. Vinje kommune gjev tilskot til nydyrking av fulldyrka jord på kr 5000,- pr. dekar – men det er sett ei øvre grense på kr 250 000,- over tre år. Ein gjev ikkje tilskot til beiterydding. Det kan gjevast SMIL-tilskot (inntil 50 %) til restaurering av kulturminne.

Nydyrking er omfatta av eige forskrift med krav om løyve frå kommunen, jf. vedlagt søknadsskjema. Tilsegn om tilskot blir gjeve i samband med handsaming av søknaden.

Vurdering:

Landbruket i Vinje er mangfaldig, og sakshandsamar ser det som positivt at det også kan satsast stort der det ligg til rette for det. Det er ein svært godt gjennomarbeidd søknad, som syner ein god likviditet og ein positiv utvikling av eigenkapitalen. Søker er i ferd med å leggje bak seg den sårbare etableringsfasen, og legger nå til rette for å vere fulltidsbonde om

nokre år. Satsinga er i tråd med landbruksplanen for Vinje, og vi vil tilrå eit samla tilskot til bygningar på kr 254 000,-. Ein syner til vilkår i regelverket. Tilskot til mjølkekvote og nydyrking handsamast separat.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev i medhald av kommunalt regelverk for tilskot til landbruksføremål Bjørn V. Lognvik tilsegn om eit tilskot på kr 254 000,- til opprusting av driftsbygningar på eigedomen Nord-Lognvik gnr. 154/1,12 i Vinje. Det vert sett følgjande vilkår:

Arbeidsfrist 31.12. 2017

2. Prosjektet skal vere fullfinansiert før bygging
3. Det er søker sitt ansvar at bygging og drift blir gjort i tråd med gjeldane lover og reglar.
4. Sluttutbetaling skjer ved synfaring og dokumentasjon av kostnader
5. Skriftleg aksept av vilkår for tilskotet

Med helsing

Toril Nicolaisen
næringsjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.